

	Skjåk kommune	Arkivsak: 2020/243-3 Arkiv: 141 Saksbehandlar: Johannes Bjarne Alme Dato: 09.12.2020
---	----------------------	---

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
74/20	Formannskapet	17.12.2020

Høyringsforslag Planstrategi for Skjåk kommune 2020-2023

Saksdokument

Planstrategi for Skjåk kommune. Høyringsutkast 09.12.2020

Saksutgreiing

Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode, og innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Planstrategien er retningsgivande for den kommunale planlegginga, og har ingen direkte rettsverknad for innbyggjarane. Det kan heller ikkje setjast fram motsegn mot ein kommunal planstrategi, men statlege og regionale styresmakter har høve til å peike på forhold som ikkje er i tråd med overordna føringer, og gjennom dette varsle eventuelle motsegner når det gjeld arealplanarbeidet.

Planstrategien gjev kommunestyret moglegheiter til å ta opp hovudutfordringar i kommunen tidleg i planperioden og skape sterke eigarskap og engasjement til planar og planlegging. Formålet er "å planlegge planlegginga" – med fokus på heilskap, tilrettelegging og koordinering av planarbeidet. Kommunal planstrategi er derfor ikkje ein arena for å vedta mål og strategiar, men eit grunnlag for å klargjere og prioritere planbehovet i perioden.

I forslag til planstrategi er følgjande prinsipp lyfta fram som førande for planarbeidet i Skjåk kommune.

1. Samfunnsdelen sin funksjon som styringsverktøy i plansystemet skal tilleggast stor vekt. Kommunestyret skal bruke planen til å formulere og vedta overordna politiske mål og strategiar for kommunen og administrasjonen skal levere tenester som er i tråd med desse. Samfunnsdelen av komuneplane for Skjåk kommune er frå 2017, altså relativt ny, og det vert ikkje lagt opp til rullering av denne i inneverande periode.
2. Arealdelen, som er under rullering, skal vere underordna samfunnsdelen sine overordna prioriteringar og mål – arealdelen er samfunnsdelen sin arealrelevans.

3. Økonomiplanen skal vere handlingsdelen av samfunnsdelen – økonomiplanen er samfunnsdelen sin økonomirelevans.
4. Det er eit mål å redusere tal på kommunedelplaner og temaplaner, og heller trekke mål og tiltak frå desse planane inn i samfunns- og arealdelen.

Høyring

Kommunen skal hente inn synspunkt frå nabokommunar, statlege og regionale organ i samband med arbeidet med planstrategien. Samarbeidet med nabokommunar er viktig mellom anna fordi det kan bidra til å identifisere og avklare interkommunale planoppgåver i planperioden. I tillegg vil samhandling med regional, stat og fylkeskommune kunne bidra til å få ein god dialog om planbehov som følgje av nasjonale føringer og regionale utfordringar.

Kommunal planstrategi er ikkje ein plan etter plan- og bygningslova med dei lovkrava som då fylgjer med. Det vil mellom anna seie at det ikkje kan rettast motsegn mot planstrategien.

Høyringsuttalane har derfor status som innspel og synspunkt til den kommunale planlegginga.

Kommunedirektøren si innstilling

Med heimel i plan- og bygningslova § 10-1, vert forslag til kommunal planstrategi "Planstrategi for Skjåk kommune 2020-2023" offentleg kunngjort minst 30 dagar før sluttbehandling i kommunestyret.

Behandling i Formannskapet - 17.12.2020

Vedtak i Formannskapet - 17.12.2020

Med heimel i plan- og bygningslova § 10-1, vert forslag til kommunal planstrategi "Planstrategi for Skjåk kommune 2020-2023" offentleg kunngjort minst 30 dagar før sluttbehandling i kommunestyret.

Samrøystes.